



Emanuel Badelita
Ådlandsvegen 1049
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1148 - 19/12730

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
06.06.2019

Oppheving pålegg om tilkopling kommunalt vassanlegg- GBNR. 36/20

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg, datert 8.5.2017, med frist for tilbakemelding innan **19.5.2017**. Kommunen mottok tilbakemelding frå deg den **2.6.2017**, der du grunngjev kvifor du ikkje ønskjer å kople deg til det kommunale anlegget. Du meinte at ei tilkopling ville medføre ein uforholdsmessig stor kostnad for deg. Me viser og til pålegg om tilknytning datert 30.11.2017 med frist for tilkopling gjennom ein autorisert røyrleggjar **1.6.2018**.

Det vart innhenta to tilbud frå same røyrleggjarverksemd på utføring av arbeidet. Klagar innhenta tilbod stort kr. 216 250,- frå Skarsvåg Rør og Interiør as og Meland kommune innhenta tilbod stort kr 129 250,- frå same verksemd.

Vedtaket om pålegg vart klaga inn til Fylkesmannen, som oppheva vedtaket til kommunen i brev av 23.04.2018. Årsaka til opphevinga var at Fylkesmannen meinte at saka ikkje var godt nok opplyst.

Meland kommune har sett på saka igjen og har motteke nye opplysningar. Kommunen er difor kome til at det kan gis fritak for pålegg om tilkopling i ditt høve etter plbl. 27-1 andre ledd andre setning som gjer kommunen anledning til å bestemme dette dersom utgiftene ved tilkoplinga vil vere av «uforholdsmessig stor kostnad».

Grunngjevinga er at vassleidningen vil måtte gå over jordbruksområde. Kommunen forventer difor økte utgifter til arbeidet med å leggje den på grunn av re-etablering av gamle «kisteveiter».

Kommunen ser at utgiftene til arbeidet mest sansynleg vil ligge i nærleiken av det dyraste tilbodet frå Skarsvåg rør og Interiør as, og vilkåret om «uforholdsmessig stor kostnad» er dermed oppfylt.

Etter ei vurdering av dei opplysningne me har motteke, innvilgar difor kommunen fritak frå pålegget om tilkopling til kommunalt vassanlegg for gnr. 36, bnr. 20.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Emanuel Badelita

Ådlandsvegen
1049

5918

FREKHAUG